

Emnerapport – vår 2014

Emnekode og navn: SAS1 – Norwegian language

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring:

Gjennomføringa av kurset har gått greitt. Undervisninga har føregått i form av førelesingar (13 stk à 90 min.), i tidsrommet januar – mai. Oppmøtet på førelesingane har variert litt, noko som kanskje kan skuldast undervisningstidspunktet, som er fredag kl 08.00. Dette er nok ikkje alltid det mest gunstige tidspunktet mtp. oppmøte. Dersom det er mogeleg, burde ein kanskje tenkja på å flytta undervisninga til eit anna tidspunkt.

Strykprosent og frafall:

Det var totalt 8 oppmelde studentar. Av desse fullførte 7 den skriftlege 6-timars eksamenen. Ingen strauk. Det er likevel på sin plass å presisera at enkelte studentar, etter faglærer si vurdering, har for dårleg språkleg kompetanse i engelsk til å følgja faget. Dette gjeld særleg enkelte studentar frå Asia. For framtida, burde ein kanskje tenkja på om det er mogeleg å sikra at studentane som tek kurset, har eit visst minimumsnivå i engelsk, då dette kanskje kan hindra både fråfall og ev. stryk i faget.

Karakterfordeling:

A: 1; B: 3; C: 2; D: 0; E:1. Ingen stryk.

Studieinformasjon:

Studieinformasjon har primært gått via MiSide og/eller epost, noko som har fungert bra. Dette semesteret var det ikkje lagt opp til eit eige orienteringsmøte for utvekslingsstudentar ved semesterstart, noko faglærer for så vidt kan stilla seg bak. Ut frå tidlegare erfaringar, syner det seg at mange utvekslingsstudentar har noko sein ankomst til Bergen, grunna sein semesteravslutning ved sine respektive heimeuniversitet. Dermed er få eller ingen av SAS1-studentane til stades på UiB sitt informasjonsmøte tidleg i januar, og får difor ikkje med seg faginformatjonen derfrå. Det er difor, etter faglærer si meining, tilstrekkeleg å informera om det praktiske rundt faget på 1. førelesing.

Tilgang til relevant litteratur:

Lærebok og kompendium var tilgjengeleg frå Studia. Tre av artiklane frå pensumlista var ikkje med i kompendiet, og vart gjort tilgjengeleg for studentane gjennom MiSide. Ei oppgradering av kompendiet, der desse artiklane vert integrerte (dersom dei fortsatt skal nyttast) kan kanskje vera lurt.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr:

Førelingane var på rom 371 i HF-bygget. Dette er ikkje eit særleg gunstig rom. Lysforholda er ikkje dei beste, verken generelt eller for å bruka lerret. Det er også litt tungvint utforma, viss ein skal kombinera bruk av lerret med bruk av tusjtafle / krittavle, sidan dei to sistnemnde står høvesvis på sida/ bakerst i rommet.

Andre forhold:

Ikkje noko spesielt å melda, utover kommentaren knytt til undervisningstidspunkt (jf. punktet «Praktisk gjennomføring» over).

Faglærers kommentar til student-evaluering(e)

Totalt kom det inn 3 svar på studentevalueringa.

Metode – gjennomføring: (Her kommer oppsummering fra studentevalueringen.)

Samtlege av respondentane kryssa av på alternativet «Very satisfied» på spørsmåla knytt til gjennomføringa av kurset. Dei var fornøgde med både undervisninga og pensum, og hadde ingen særskilde forslag til ting som kunne vorte gjort annleis.

Oppsummering av innspill: (Her kommer oppsummering fra studentevalueringen.)

Respondentane trekte fram desse punkta som ting dei var særleg nøgde med i kurset (omsett frå engelsk):

- Kurset var variert og dekkja mange av dei sentrale temaa i høve dei nordiske språka.
- Ein sær motiverert førelingar, som evna å formidla dei ulike temaa til ikkje-lingvistar. Andre positive ting: Bruk av lyd- og videoklipp for å eksemplifisera det som det vert undervist om; bruk av Power Point; det var alltid rom for spørsmål.
- Mange lytteeksempel.

Ev. underveistiltak:

Ingenting å melda.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:

Alt i alt ser opplegget ut til å ha vore vellukka. Studentane uttrykkjer at dei tykkjer kurset er spennande og interessant, og lagt opp på ein hensiktsmessig måte. Utover kommentarane knytt til undervisningstidspunkt og det å forsøka å sikra eit godt nok engelsknivå blant studentane til at dei faktisk kan følgja kurset, har faglærer ingen særskilde forslag til forbedringstiltak.